



Ambassadørfri: Mimmi Eldrid Tørlen Wolle representerte USA saman med ektemannen i mange av landa i Midtausten.



Seremoni: Soknepresten i Vanylven, Ruth Glæstad leia sermonien.

– Mor har alltid vore flink å ta oss med heim til Fiskåbygd. Denne gongen var det vi som tok med mor til sin siste kvilestad blant fjordar og fjell, seier sonen William Nicholas Wolle.



Håvar Fagerli
havard.fagerli@fjt.no
telefon 942 79 790

Skyene ligg tungt nedover fjella i Fiskåbygd denne grå sommardagen. To mørkkledde går mot gravplassen. Dei ber med seg ei urne i raudt tre og to korgar med tørka blomar. Dei to syskena Laila og William Nicholas Wolle frå USA er på veg for å begrave mor deira, som døydd i november i fjor. Den vesle gravplassen på Fiskåbygd vert etter kvart fylt med slektningar. Seremonien tek til med norske salmar. William og Laila ser ned på urna som snart skal ned i norsk jord, 6.000 kilometer frå der dei bur i Maryland ved Washington D.C.

Mimmi Eldrid Tørlen Wolle vart fødd i Dale i Sunnfjord i 1931. Far hennar, Nicolai Tørlen var distriktslækjar, og då han fekk lækjarjobb i heimstaden Fiskåbygd, flytta dei heim der. Mimmi fekk namnet sitt etter ein fransk romanfigur mor hennar, Clara, hadde lese om før fødselen. Mimmi flytta til Oslo etter realskulen, og starta då som flyvertinne i SAS. Eventyrlysta var stor og ho reiste til Paris for å studere fransk. Mimmi ville også lære meir engelsk, og melde seg på den amerikanske ambassaden som barnepassar for ein diplomatfamilie. Ho arbeide her gratis, for målet med arbeidet var å lære engelsk, og seinare gjere ein betre jobb som flyvertinne. Diplomatifamilien vart svært begeistra for den positive og flinke jenta i 20-åra frå Fiskåbygd. Då den amerikanske diplomaten fekk ny post i Bagdad i Irak, ville diplomatfamilien ha med seg Mimmi på flyttelasset. Mimmi ville ikkje la ein slik sjansje gå ifrå seg, og

vart med til Bagdad. Her treffe ho William D. Wolle som hadde sin første jobb i den amerikanske utanrikstenesta på ambassaden i Bagdad. William og Mimmi gifta seg i Storbritannia i 1955, og Mimmi vart med det amerikansk diplomatfrue. Dei fekk borna Laila i 1956 og William, oppkalla etter faren, i 1960. Mimmi og William Wolle skilde seg i 1991. Mimmi sovna stilt inn i huset hennar i Washington 12. november i fjor. Denne veka kom Mimmi heim til Fiskåbygd for siste gong.

Gravferd

Det har slutta å regne på gravplassen i Fiskåbygd, William går fram mot gravstaden. Han tek fram eit papir der dei siste notatane kom på plass klokka 3 natta i førevegen. Det er stilt i Fiskåbygd. Til og med måsane som flyg over gravplassen held nebbja igjen i respekt.

– Mor, du har gjeve eit uforgløyemeleg inntrykk på alle som var så heldige å bli kjent med deg. Du lidde av Parkinsons sjukdom i 25 år, og hadde ei tøff tid på slutten. Det er nokre månader sidan mor døydd no, men det er framleis vanskeleg å fatte at ho ikkje lenger er blant oss. No som ho ikkje er med oss lenger, kjenner eg meg som eit skip utan anker. Men vi har mange gode minner vi kan leve vidare på. Mor vår oppdrog oss til å vere stolte av bakgrunnen vår. Vi hadde både norske og amerikanske skikkar i vår heim. Vi lærte å bli glade i Norge og Fiskåbygd. Når ein ser på den vakre naturen vi har rundt oss i dag forstår at det måtte ha vore vanskeleg for mor å forlate familien og Fiskåbygd med sine fjell og fjordar. I all si reising rundt om i verda betrakta ho alltid Fiskåbygd som heime. Men ho valde å reise ut og utvide horisonten sin. Ho bar på ein energi og lengt etter å sjå verda. Mor visste heile tida kva som var heime for ho. Fiskåbygd var heime for mor uansett kvar i verda vi budde. Eg kjem til å sakne 17. mai-feiringa, når mor tok oss

med på den norske ambassaden i Washington. Eg vil sakne å ete hotdog og is saman med mor på nasjonaldagen. Eg skulle ynskje eg berre kunne kyssa deg å sagt at eg elsker ein gong til. Laila og eg er svært takksame for alle dei gongene du tok oss med til Fiskåbygd. No er det Laila og eg som har tatt deg med ein siste tur til Norge. Her kan du no får kvile i fred omkransa av fjordar og fjell. Sirkelen er enda for deg, og du er no heime med familien igjen. Du er no tilbake der du starta livet som ei flott, ung og pen norsk jente.

William takkar familien og alle som har hjulpet dei. Han legg notatane i lomma, og stilla herskar i Fiskåbygd. Urna til Mimmi Wolle vert lagt i norsk jord. Her kan Mimmi Wolle no kvile i fred ved sidan av foreldra og bror hennar. Kyrkjeklokkene bryt stilla. Alle legg no ned kvar si rose ved grava til Mimmi. Laila har tørka blomane som vart brukte under seremonien i USA. Kvar enkelt legg så ned tørka blomar i grava til Mimmi. Mimmi er i norsk jord og har fått med seg litt av USA med dei tørka blomane frå hagen i Washington.

Ville heim

Etter urnenedsettjninga er gravfølgjet samla på eit gjestegiveri i nærleiken. William og Laila er letta over å endeleg fått mor deira heim etter at ho døydd 12. november i fjor. Vi har funne plass utanfor gjestegiveriet, og bilane hastar forbi som eit teikn på at livet må gå vidare.

– Vi har hatt ei tøff tid. Det har vore litt spesielt å vente så lenge til urnenedsettjninga. Vi hadde ein seremoni i USA rett etter mor døydd. I mars reiste William til Norge for å gjere avtale med presten og kyrkjelydskontoret i Vanylven. Sidan det var litt andre familiære dagar i vår, valde vi å vente med urnenedsettjninga til juli. I vinter ville det også vore litt for kaldt til å gjennomføre seremonien. Det passa også best for familien å gjennomføre dette om sommaren. Vennene våre i USA tykte det var svært at vi skulle begrave mor så langt frå der vi bur, seier Laila.

– Mor har vore plaga med Parkinsons sjukdom i dei 25 siste åra av livet sitt. Allereie før ho vart sjuk snakka vi saman om kvar ho ville bli gravlagd. Ho var fast be-

stemt på at ho ville heim til Fiskåbygd. Vi har full forståing for det, og det ville vi svært gjerne gjere for mor, seier William.

På reisefot

Sidan Mimmi Wolle både var eit sosialt menneske, glad i språk og var diplomatfrue på flyttetot rundt om i verda, fekk ho eit stort kontaktnett.

– Det som er litt spesielt for vår familie er at vi alle fire er fødte i ulike land. Far er fødd og oppvaksen i USA. Mor er som sagt fødd i Norge. Etter arbeidet i Irak vart far overflytta til Storbritannia, og der vart Laila fødd. Far er spesialist på dei arabiske landa, og hadde mesteparten av virke sitt i Midtausten. Han arbeide på ambassadane i Irak, Libanon, Storbritannia, Yemen, Kuwait, Jordan, Kenya, Oman og Sameinte Arabiske Emiratar. I dei to siste landa var far amerikansk ambassadør. Heile familien flytta med far til desse landa. Eg vart fødd i den perioden far var tilsett i Yemen. Sidan det ikkje var amerikanske sjukehus der, vart eg fødd på eit sjukehus med amerikanske legar i Saudi-Arabia. Mor tilpassa seg svært godt i alle desse landa. Ho var språksterk, og snakka både norsk, engelsk og fransk. Då vi var i Kenya lærte ho også å snakke swahili. I dei arabiske landa tok ho det arabiske språket fort, og kunne alle prutetriksa på marknaden, fortel William Wolle.

– Ja, eg hugsar når vi gjekk rundt på marknaden og alle seljarane ropte «Mimmi, Mimmi!» Mor var ein samlar og sidan ho hadde så god kontakt med folket i landa vi var, fekk ho fleire gjenstandar som ikkje var vanleg å kjøpe på marknaden. Huset heime er fullt av minner frå alle landa vi har budd i. Så ei sortering og opprydding i alle gjenstandane frå Midtausten er ein av jobbane som vi må ta fatt på når vi kjem til Washington att, seier Laila Wolle.

Ein fot i Fiskåbygd

Syskena Laila og William Wolle har vore med mor si til Fiskåbygd

Mor, du har gjeve eit uforgløyemeleg inntrykk på alle.

William Wolle



Minnebord: Tidlegare ektemann til Mimmi, William D. Wolle, hadde samla saman bilete frå livet til Mimmi og familien.

**KRISESENTERET OG
KRISETELEFONEN**



**DØGNVAKT
57 74 36 00**

I SOGN OG FJORDANE